



G.Hindenes Bygg & Rehabilitering
Ikeland 26
5912 SEIM

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/4131 - 16/919

Saksbehandlar:
Knut Bjørnevoll
KBJ@lindas.kommune.no

Dato:
12.01.2016

Førebels svar - trong for tilleggsdokumentasjon - bruksendring - gbnr 176/3 Spurkeland

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 29.12.2015

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4.

Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

Dispensasjonssøknader

Det er søkt om dispensasjon frå krav om reguleringsplan, ikkje frå LNF-føremålet i kommuneplanen. Søknaden er ikkje grunngeven. **Korrigert og grunngeven søknad om dispensasjon** frå kommuneplanen skal sendast på høyring internt og eksternt, med 4 veker svarfrist.

Søknaden om dispensasjon frå TEK (trykktesting) er unødvendig. Det følgjer direkte av plan- og bygningslova § 31-2 siste ledd, at det kan godkjennast unntak frå TEK der det medfører uforholdsmessige kostnader å følgja krava. Vi legg til grunn at tiltaket elles vert prosjektert og utført i samsvar med krava i teknisk forskrift.

Vatn og avløp

Det er ikkje gjort greie for vassforsyning og avløp, anna enn at det er private anlegg. Har driftsbygningen installert vatn og avløp i dag? Skal bygningen knytast til eksisterande anlegg, eller skal det etablerast nytt avløpsanlegg? Har vassforsyninga tilstrekkeleg mengde og kvalitet?

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla **innan 15.02.2016** Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka **arkivert utan vidare handsaming**. Når saka er arkivert utan handsaming må det sendast inn full ny søknad.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1. Tidsfristane vert rekna frå søknaden er komplett og klar for handsaming, jf. SAK § 7-2 (1).

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Knut Bjørnevoll
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Halgrim S Andersen

Risåsen 4

0010

OSLO

Mottakarar:

G.Hindenes Bygg & Rehabilitering

Ikeland 26

5912

SEIM